



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 26.04.2017

Sak nr.: 16/1691-9

Internt l.nr. 16818/17

Sak: 10/17

Tittel: **Forvaltningsrevisjon - Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune - rapport**

Behandling:

Gunhild Berge Stang bad om å få habiliteten sin vurdert. Fylkestinget fann samrøystes Stang habil til å ta del under handsaminga av saka.

Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.
 - b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:
 - i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre
 - ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing
 - c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til endring i tilrådinga frå kontrollutvalet:

Pkt. 2a)

Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd.

2b) Går ut.

Avrøysting:

Punkt 2a i tilrådinga frå kontrollutvalet fekk 10 røyster.

Punkt 2a i framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet fekk 21 røyster og vart vedteke.

Punkt 2b i tilrådinga frå kontrollutvalet fekk 12 røyster.

Punkt 2b i framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet fekk 19 røyster og vart vedteke.

Punkta 1, 2c, 2d og 3 i tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd.
 - b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
 - c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017